

*Vi har råd til velferd
Vi har tid til omsorg
Vi har rett til eit verdig og likestilt arbeidsliv
Vi har rom for mangfold
Vi har mot til å gå egne vegar
(Frå RV sitt valmanifest 2007)*



Sogn og Fjordane Raud Valallianse **- stem Raudt - stem Raud Valallianse**



*Førstekandidat på RV si fylkestingliste er
Bjørnar Berge, 19 år og busett i Naustdal.*



*RV vil
motverke avfolking og
sentralisering. Fylket sitt
samla folketal går ned som
resultat av ein langvarig
marknadsstyrt politikk.
Snu politikken stem RV.*

STEM RAUDT- STEM RAUD VALALLIANSE!

Fylkesting og kommunestyre avviser rettkomne krav og vedtek uakseptable nedskjeringar. Dette kjem som regel av knappe økonomiske overføringar frå staten, noko som lokale folkevalde i praksis godtek. Den viktigaste oppgåva til dei folkevalde er å "skjære inn til beinet", utan tanke på korleis dette reduserer kvalitet og kvantitet på viktige velferdstilbod. Fylkesting og kommunestyre utan naudsynte ressursar og makt fører til eit lokalt demokratisk underskot. Situasjonen ber også preg av at staten mellom anna gjennom logring for EU/EØS gjev kapitalkreftene og marknaden meir makt. Lokale folkevalde følgjer som regel lojalt opp ved ikkje å ta tydeleg til motmæle mot ein politikk som berre er nye omdreiingar på sentraliseringsskruen.

RV vil noko anna. Vår politikk er også noko meir enn tradisjonelle fylkeskommunale saker. Vi arbeider mellom anna for:

- Utviding av aluminiumsproduksjonen og auke av matvareproduksjonen
- For reversering av helsereforma. Fylkeskommunal styring av Helse-Førde
- Bruk vasskrafta i fylket – mot gigantlinja ut av fylket
- Eit godt utbygd kollektivt transporttilbod – reduksjon av privat bilbruk
- Ein politikk som hindrar avfolking og motverkar sentralisering
- Godt utbygde skule- og velferdstilbod til born og unge
- Motstand mot Noreg i krig. Noreg ut av NATO
- Varig sikring av dagens AFP
- Nei til storfylke og regionalisering

RV SIN KRAV TIL EIN POLITIKK FOR

FOLK OG FYLKE:

RV vil motverke avfolking og sentralisering. Fylket sitt samla folketal går ned som resultat av ein langvarig marknadsstyrt politikk. Vi krev at dei raudgrøne radikalt snur denne politikken. Mellom anna må det gjerast noko med dei viktigaste arbeidsplassane i kommunar der folketalet går ned.

RV MEINER:

JORDBRUK

- Noreg må vere mest mogleg sjølvberga med matvarer, slik FN har kravd
- Eit årsverk i jordbruket skal betalast som eit årsverk i industrien
- Statlege tilskotsordningar som sikrar kulturlandskapet gjennom matvareproduksjon

FISKE

- Mot systemet med omsettelege fiskekvotar og privatisering av fiskeressursane
- EU-medlemskap – eit trugsmål mot fiskarar og fiskeindustriarbeiderar

INDUSTRIEN

- Staten må bruke eigarmakta i Hydro til å pålegge utvida elektrolyse i Høyanger og Årdal og syte for fornya stortingsbestemte industrikontraktar
- Støtteordningar som sikrar jamn drift ved skipsverfta
- Inga økonomisk støtte til utflagging



Bjørnar Berge, 19 år, er RV sin fyrstekandidat. Bjørnar Berge er ein modig ung mann med eit sterkt politisk engasjement, som seier at han vil inn på Fylkestinget for å synleggjere ungdomssaker. Bjørnar tek ansvar. RV er svært glade og ikkje så lite stolt over å kunne lansere ein ungdomskandidat på toppen av lista vår.

Bjørnar er busett i Naustdal og har nyleg avslutta vidaregåande skule. Han er naturleg nok opptatt av skule og skulepolitikk. Miljø og internasjonal politikk er han også opptatt av. Bjørnar har og ei spesiell interesse for satsing på kollektivtransport. Er du nysgjerrig? ta kontakt og snakk med Bjørnar på Sogn og Fjordane RV si nettside www.sffj.rv.no

KRAFTPOLITIKK

- Opphev energilova – få slutt på utbyte og profitjaget i kraftnæringa
- Oppretthald heimfall inga privatisering og sal til utlandet av norske kraftanlegg
- Nei til fusjonen mellom SFE og SE
- Mot sal av kommunale og fylkeskommunale eigardelar
- Mot gasskraftverk

FOR EIN STERK OFFENTLEG SEKTOR

RV er mot svelteforing og privatisering av offentleg velferd. Dei siste 25 åra har alle regjeringar arbeidd med å redusere eller privatisere offentleg sektor. Dei raudgrøne sine lovnader står ikkje til truande så lenge dei mellom anna held fast på sjukehusreforma og pensjonsreforma.

HELSE – OMSORG OG VELFERD

- Opphev sjukehusreforma. Helse-Førde under fylkeskommunal styring
- Styrk det psykiatriske tilbodet – for born og unge
- Hald ved lag og styrk lokalsjukehusa
- Bevar dagens AFP
- Nei til pensjonsforliket

UTDANNING

- Nærleik til skule og velferdstilbod for dei unge
- Gratis undervisningsmateriell også på nynorsk
- Bort med nasjonale prøvar og rangering av elevar og skular

FOR NASJONAL SJØLVRÅDERETT

Dei største og fleirnasjonale selskapa har etablert eller overteke sterke organ som WTO og EU/EØS. Desse organa sikrar dei politiske og økonomiske interessene til den internasjonale storkapitalen ved å overstyre nasjonalstatane når dei tilgodeser lokale, sosiale og nasjonale interesser.

RV meiner:

- Ingen ny EU-søknad
- Sei opp EØS-avtalen og styrk frihandelsavtalen
- Skatt på alle aksje-, finans- og valutatransaksjonar
- Stå på mot skadelege EU-direktiv og WTO-krav

MOT NOREG I KRIG

- Ingen norske soldatar på utanlands jord, men ja til FN-opppdrag
- Stopp okkupasjonen av Afghanistan
- Inga støtte til USA sin okkupasjon og krigføring i Irak
- Noreg ut av Nato

NY REGJERING = NY POLITIKK?

Mange sette sin lit til at dei raudgrøne ville representere ei heilomvending i norsk politikk. Framleis er det slik at

skilnaden mellom rike og fattige er aukande. Talet på milliardærar aukar som eit resultat av svært gunstige skatte og avgiftsreglar, mens dei som har minst å rutte med lir under mangelen på gode nok universelle velferdsordningar. Jordbruksoppgjæret, som mange sette sin lit til, vil føre til fleire nedlagte gardsbruk og sentralisering. Det skjer ei gigantisk privatisering av fiskeriressursane våre. Den viktigaste velferdsordninga, folketrygda, er under nedbyggjing. Om dei raudgrøne skal gjennomføre omfattande og naudsynnte endringar til beste for folk flest må vi ha lokale folkevalde og interesseorganisasjonar som seier klart ifrå. Skal dei raudgrøne bli eit merkbart framsteg og føre makt og ressursar tilbake til fylke og kommunar må det bli stilt konkrete krav om det. Det må byggjast alliansar mellom dei som er motstandarar av marknadliberalisme og for ein god omsorgsfull offentleg velferdspolitik. På dette laget vil RV spele ei aktiv rolle.

Kor blei det av lovnaden om "forpliktande fleirårig opptrappingsplan"? (Soria Moria erklæringa) På tide at dei raudgrøne oppfyller vallovnadene sine.

Raud Valallianse krev at regjeringa oppfyller lovnadene sine. Høg brukarbetaling for heimetenester, SFO, barnehageplassar, tryggleiksalarm, og transport for funksjonshemma er usosiale "kommunal skattelegging". Dette er eit uvesen vi treng å få slutt på.

RV SITT MÅL ER EIT SAMFUNN UTAN KLASSESKILJE – EIT KLASSELAUST SAMFUNN.

Utviklinga i dag går i motsett retning, klasseskilja blir tydelegare, også med ei regjering som kallar seg raudgrøn. Heller ikkje denne regjeringa set stoppar for at Reiten, Røkke og sjefar i statsføretaka gjer seg rikar på kostnad av industriarbeidarane, lærarane og omsorgsarbeidarane. Denne auka skeivfordelinga av rikdom fører til auka skeivfordeling av makt og avdemokratisering. Difor arbeider RV for eit sosialistisk Noreg med utjamning og auka demokrati. Sosialismen kjem ikkje av seg sjølv og gjennom stemmesetelen. Det krev at folk flest ønskjer ein annan kurs og vil ta styringa, at kapitalmakta er avslørt og har brukt opp knepa sine.

KAMPEN I DAG

Den økonomiske og politiske makteliten, røkkane og stoltenbergane, høyrer ikkje på lågmælte krav. Slik er det også med fylkesting og kommunestyre. Maktpersonar har også ei målretta evne til å setje fagforeiningar og grupper med felles interesser opp mot kvarandre. Derfor må det stillast konkrete og høglydte krav frå fagforeiningar, lokalsjukehusaksjonar, naturvernlag og alle andre som vil ha framsteg. Det må byggjast alliansar mellom ulike grupper for fellesinteressene.

Gje oss stemma di !



Er du ein av dei mange som ikkje ser forskjellen på dei politiske partia sin praksis. Dersom du er einig med programmet vårt og ser behov for drastiske endringar, er RV partiet for deg. Vi ønskjer stemma di for å kome inn på fylkestinget med vår politikk.

Bur du i Førde. Høyanger, Naustdal eller Vågsøy bør du også stemme RV ved kommunestyrevalet. RV treng di stemme og du vil ha nytte av RV.

SOGN OG FJORDANE RAUD VALALLIANSE SITT LISTEFAMLEGG VED FYLKESTINGSVALET 2007

Nr.	Førenamn	Etternamn	Bustadkommune
1	Bjørnar	Berge	Naustdal
2	Per Bj.	Ørjansen	Førde
3	Trine	Nylehn	Leikanger
4	Sunniva	Oldeide	Vågsøy
5	Dagmar	Falkenstein	Naustdal
6	Einar	Rysjedal	Høyanger
7	Astrid	Kalstveit	Førde
8	Geir	Oldeide	Vågsøy
9	Oddveig	Lyngstad	Askvoll
10	Jorge Rafael	Briceno	Hornindal
11	Hege	Leivestad	Førde
12	Ørjan	Thingnes	Naustdal
13	Borghild	Guddal	Stryn
14	Magnar	Juklestad	Jølster
15	Marit	Slettevold	Førde
16	Asbjørn	Geithus	Gloppen
17	Sigrid	Zurbuchen Heiberg	Sogndal
18	Hans Jakob	Reite	Førde
19	Kjersti	Kjelkenes	Bremanger
20	Ottar	Uglum	Høyanger
21	Annie	Mathisen	Naustdal
22	Bjørn	Cirotzki	Førde
23	Olin	Blaalid Oldeide	Vågsøy
24	Knut	Solberg	Førde
25	Kristin	Oppedal	Gulen
26	Anders	Myren	Høyanger
27	Marianne	Hoff	Balestrand
28	Karsten	Sunde	Flora
29	Ragnhild	Hukset	Førde
30	Magnar	Wøien	Høyanger



Vil du vite meir? Ta kontakt:

• Sogn og Fjordane RV, v/ Per Bj. Ørjansen,
Midtåstunet 3, 6800 Førde,
tlf 57 82 34 07/905 94 593
Epost: per.bjarne.orjansen@enivest.net

• Sogn og Fjordane Raud Ungdom, v/ Bjørnar Berge
Epost: bjornarberge88@hotmail.com

www.sfj.rv.no